

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

Søknad til Næringsfondet - Meland Golfklubb - Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Handsaming:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 067/22 Vedtak:

Prosjektet Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Meland Golfklubb er ei foreining/lag. Bransje: 93.120 Idrettslag og - klubber. Registrert 10.09.1996
Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Meland Golfklubb vart etablert i 1996 og driv Meland Golfbane, ei 18 hulls skogsbane lokalisert på Frekhaug.
Meland Golfklubb har fleire tilsette på heiltid og fleire tilsette på deltid / ekstrahjelper.

Om prosjektet:

Golfseongen er generelt begrensa i Norge, dette gjeld og for Meland Golfklubb. Klubben har tidlegare investert i golfsimulatorar og har med dette utstyret tilbudd heilårsaktivitet. Klubben har på grunn av det uvanleg dårlege været inneverande sesong hatt betydelege tap i inntekter. På bakgrunn av dette har klubben vore nødt til å permittere fleire av dei ansatte, blant anna hovudtrenar. Konsekvensen er at klubben ikkje lenger kan tilby aktivitet på heilårsbasis. I tillegg treng utstyret oppgradering for å kunne vere eit heilårstilbod.

På bakgrunn av dette søker no klubben om midlar til å oppgradere utstyret og kjøpe inn nye golfsimulatorar slik at klubben er i stand til å skape heilårsaktivitet.
Etter samtalar med klubben er det forklart at det vil være foreldre som drifter dette tilbodet på frivillig basis og dugnad frå januar 2023.

Prosjektleveranse/Målsetting

Ved å investere i golfsimulatorar satsar klubben på dette vil gi økt rekruttering av barn og unge. Eit slikt heilårstilbod vil medføre at dei er aktive gjennom heile året og dermed står i idretten lengre.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb	117 000	58 000	0

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap, berekraftig utvikling og auka sysselsetting i kommunen.

Vurdering:

Meland Golfklubb har føresetnader og stort potensiale for vidare utvikling av Meland Golfbane. Alver kommune ser positivt på ein ønskjer å skape aktivitet i klubben, men ser samstundes at ein i dette prosjektet primært ønskjer å oppretthalde aktivitet ein tidlegare har tilbudd på heilårsbasis. Videre søker ein midlar for å kunne tilsette trenar som er permitert. Lønn er driftskostnader.

Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden utanfor næringsfondet sine vilkår, jamfør vilkår 6.4, kor stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, og ikkje til ordinær drifts- og vedlikehaldskostnad. Søknad om støtte til prosjekt Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb vert avslått og prosjektet vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet.

Vedlegg:

Vedlegg i saken:

01.12.2022

Meland Golfklubb_søknad_oppdatert_8 nov 2022

1845680